



Arkivnr: 2014/24576-20

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skular

### Bakgrunn for saka:

#### **Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 90/2015 i møte 9.12.15:**

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skular", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. *Utarbeide retningsliner eller rapporteringskrav for å sikre at skulane kartlegger risiko og utfordringar knytt til rus på sin skule, og følgjer kartlegginga opp som eit ledd i eit systematisk arbeid med arbeid med elevane sitt psykososiale skulemiljø, jf opplæringslova § 9a*
2. *Etablere krav om at skulane utarbeider rusførebyggjande planar, og krav til at desse planane blir følggt opp og revidert med jamne mellomrom, jf opplæringslova § 9a og retningsliner gitt i støttemateriell frå helsedirektoratet om rusførebyggjande arbeid i skulen*
3. *Sikre at skulane systematiserer kva tiltak dei nyttar i det rusførebyggjande arbeidet og i oppfølging av enkeltelevar*
4. *Sikre at skulane involverer helsesøster i rusførebyggjande arbeid i tilstrekkeleg grad både på skulane og på systemnivå jf. rettleiar til forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste*
5. *Å utarbeide retningsliner for samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og relevante samarbeidspartnare i det rusførebyggjande arbeidet*
6. *Sikre at elevar og føresette blir involvert i det rusførebyggjande arbeidet slik det går fram av Helsedirektoratet sitt støttemateriell for rusførebyggjande arbeid i skulen*
7. *Laga ein handlingsplan innan 1.2.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*
8. *Saka vert sendt ungdommens fylkesting for uttale. Ungdommens fylkesting og elevorg. i Hordaland vert inkluderte i arbeidet med handlingsplan.»*

**På bakgrunn av punkt 7 i vedtaket over handsama kontrollutvalet handlingsplanen i møte 5.4.16 der det vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular.*
2. *På bakgrunn av at forslag til nye retningslinjer for rusførebyggande arbeid skal vera ferdig politisk handsama i løpet av juni ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 1.9.2016.*

Drøfting:

Sekretariatet har motteke notat frå fylkesrådmannen dagsett 28.9.16 med ny status på forbetningsarbeidet i denne forvaltningsrevisjonen.

Av tilbakemeldinga går det fram at det er sett i verk forbetningar på store delar av tilrådingane i rapporten. Likevel er det framleis noko arbeid som er planlagt ferdig i løpet av hausten 2016. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be om å få ny skriftleg statusrapport på punkta 3 og 4 innan 31.12.2016.

Konklusjon

På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 3 og 4 innan 31.12.2016.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er gjennomført i samband med forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular.
2. På bakgrunn av at det framleis er noko arbeid som er planlagt ferdig i løpet av hausten 2016 ber kontrollutvalet om å få ny skriftleg statusrapport på punkta 3 og 4 innan 31.12.2016.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular – ny status
- 2 Retningslinjer
- 3 Eksempel handlingsplan